

Dette dokumentet er ei nynorsk omsetjing til informasjonsformål. Dersom informasjon i dette dokumentet og i versjonen på bokmål ikkje samsvarer, er det den vedtekne versjonen på bokmål som gjeld.

## **RETNINGSLINJER FOR INNARBEIDING AV TILLATNE HJELPEMIDDEL TIL EKSAMEN VED NORD UNIVERSITET**

Heimla i Universitets- og høyskoleloven § 3-9 (7). Fastsett gjennom rektorvedtak av 08.10.2019.

1. Retningslinjene gjeld for innarbeiding av tillatne hjelpemiddel til eksamen ved Nord universitet. Med «innarbeiding» meiner vi her markeringar, tilvisingar o.l. som kan skrivast inn i eit hjelpemiddel.
2. Hjelpemiddel kan berre innarbeidast i samsvar med desse retningslinjene. Hjelpemiddel som er innarbeidde i strid med desse retningslinjene vil bli rekna som ulovlege hjelpemiddel i samsvar med fuskeføresegnene i forskrift om studium og eksamen ved Nord universitet.
3. Det er ikkje tillate å innarbeide ordbøker som skal brukast som hjelpemiddel til eksamen.
4. Det er ikkje tillate å fjerne trykt tekst i eit hjelpemiddel. Ny tekst kan ikkje skrivast eller limast inn i hjelpemidla.
5. Det er tillate å korrigere eigne tilvisingar ved overstryking eller korrekturlakk.
6. Indeksmerke/fingermarkørar er tillatne. Desse kan berre gje opp namn eller forkorting av namn på lov, årstal, nummer eller kapitteloverskrifter nøyaktig slik dei kjem fram på sida som blir indeksert. Namn på matematiske formlar er også tillate.
7. Det er tillate å understreke ord og heile eller delar av setningar, eller bruke tekstmarkør, og det er tillate å bruke fleire farger. Det er tillate å setje vassrette og loddrette strekar i mergen. Det er ikkje tillate å merke enkelte bokstavar i teksten.
8. Det er tillate å innarbeide tilvisingar internt i hjelpemiddelet, tilvisingar til andre tillatne hjelpemiddel, og til publiserte rettsavgjerder.
9. Det er tillate å tilvise til fleire kjelder i same tilvising, til dømes fleire paragrafar eller fleire handbøker.
10. Tilvisingar kan berre innleiast med følgjande ord: oppheva (opph.), endra (endr.), sjå, jamfør (jf./jfr.), konferer (cfr./kfr.) eller samanlikn (sml.), og gjerast på følgjande måte:
  - a) Tilvisingar til lover og forskrifter skal berre innehalde tittel og/eller dato (eventuelt nummer), kapittel, paragraf og/eller ledd, punktum, nummer eller litra. Vanlege forkortingar som vtrl. (vegtrafikklova), fvl. (forvaltningslova) og liknande kan brukast. Ei tilvising kan t.d. lyde: *jf. vtrl. § 6, 1. ledd, 1. pkt. 4.*
  - b) Tilvisingar til publiserte rettsavgjerder skal skje i den forma som brukast av Lovdata. Ei tilvising kan t.d. lyde: *sjå Rt-2015-995 eller jf. HR-2019-1156*
  - c) Tilvisingar til andre hjelpemiddel skal berre innehalde tittel og/eller sidetal. Ei tilvising kan t.d. lyde: *sjå Revisor si handbok 2019 s. 245.*
11. I emne der det skal brukast digitale hjelpemiddel, t.d. Lovdata, kan det gjerast innarbeidingar som markeringar og tilvisingar til andre rettskjelder. Innarbeidingane må gjerast innanfor rammene gjevne i desse retningslinjene.